



## Gjennomføring av kommunestyremøte på Idahall – informasjon ang. smittevernstiltak

*For å sikre ei forsvarleg gjennomføring av eit fysisk kommunestyremøte, har Vestnes kommune utarbeidd nokre kørereglar med tanke på smittevern.*

### **Når du kjem til Idahall:**

Det er hovudinngangen som skal nyttast når de går inn/ut av lokalet. De går deretter vidare gjennom kinosalen å finn plassane dykkar i matsalen. Det blir plassert ut pumpeflasker med handsprit, i tillegg til at kvar deltakar vil få kvar si flaske handsprit plassert ut på sin plass.

Publikum og saksbehandlarar som er til stades i møte, sett seg lengst bak i salen på tilvist plass.

### **Publikum:**

Ev. publikum som er til stades må registrere seg ved inngang med namn og telefonnummer i tilfelle behov for smittesporing etter møte. Lista blir destruert etter 14 dagar.

### **Avstand:**

Hugs 1 meters avstand til ei kvar tid, både når de kjem til møte, i pausar, i gruppemøte og når de forlèt møte.

### **Desinfeksjon av talarstol**

Vi vil desinfisere mikrofon og talarstol mellom kvar talar.

### **Ev. gjennomføring av gruppemøte:**

Dersom det er behov for gruppemøte, kan gruppene fordelast i ulike rom/område. Vi kan nytte kinosalen til eit par grupper, ei gruppe kan halde til på scena og vi kan ha ei gruppe på eit sminkerom i kjellaren under scena. Hugs å halde avstand også under gjennomføring av gruppemøta.

### **Servering:**

Det blir enkel servering i møte. Kvar deltakar får ein innpakka bagett og ei flaske vatn delt ut til sin plass. Vi serverer ikkje kaffe. Det må de ev. sjølve ha med i eigen kopp.

### **WC:**

Vi fordeler bruk av toalett. Kvinner nyttar toalett bak lerretet, menn toalettet ved inngangen.

**Vi ber om at de følgjer FHI sine råd for smittevern og hygiene.**

**Hugs - Du skal IKKJE møte opp på Idahall om du opplever symptom på luftvegsinfeksjon.**